

## Notat


301120 / VM

### Fløholmen AS. Landstraum til Otterholmen oppdrettslokalitet

#### Innhald

Ny nettstasjon .....	1
Fløholmen.....	2
Kraftlina over Nordre Byngja.....	4
Eigedomsretten .....	4
Nordre Byngja.....	5
Elektrifisering av Otterholmen .....	5
Regelverk.....	5
Innsyn .....	6
Økonomi.....	6
Enova.....	6
Avklaringsbehov .....	6


#### Ny nettstasjon



Teikning datert 25. 11. 2020 (frå BKK v/ rådgjevar John Monstad).

Nettstasjonen inngår i BKK si planlagte oppgradering av lina over Nordre Byngja (til 1000V spenning).

## Fløholmen



Situasjonsplan (2009) for småbåthamn med servicetilbud og lagerplass på industriområdet.


Kommunen gav same år (2009) rammeløyve for omsøkte tiltak på land.

Småbåthamna (sjøarealet) vart teken inn i kommuneplanen i 2011 :




Reguleringskart (januar 2011) viser eksisterande nettstasjon med inngående 22 kV kraftline.

Ny nettstasjon (2020) kjem i konflikt med planlagt innkjørsel og parkeringsplass.



## Kraftlina over Nordre Byngja



Kart frå BKK

Lina over Nordre Byngja vart etablert under tidlegare eigar omkring 1984, truleg for å kunna levera landstraum til oppdrett i sjø på utsida av Nordre Byngja, i eige anlegg, eller i samarbeid med andre selskap.

## Eigedom retten

Fløholmen AS overtok eigedomane 427/12 (Fløholmen) og 428/37 (Nordre Byngja) i 2002.

Det ligg ikkje føre hefte i grunnboka, eller skriftlege avtalar, som indikerer at lina over Nordre Byngja er BKK sin eigedom, eller at BKK har rett til vederlagsfri levering av straum gjennom denne lina til andre selskap i sjøalmenningen.



## Nordre Byngja

«Fastlandet» er om lag 70 dekar. Lyngholmen og mellomliggjande sjøareal er om lag 30 daa. Samla areal : om lag 100 daa.



Skisse 2015

(Inspirert - i dialog med Troms Kråkebolle / Business Region Bergen og Radøy kommune om landbasert oppdrett på Nordre Byngja - av uttalte visjonar om «kråkebolleglade japanere på bedriftsbesøk i «naturskjønne omgivelser»).

## Elektrifisering av Otterholmen

I mai 2020 sende BKK Elektrifisering AS eit avtaleframlegg til Fløholmen AS, om vederlagsfri rett til oppgradering av lina over Fløholmen og Nordre Byngja med tilhøyrande varige vederlagsfrie tilkomstrettar over, og restriksjonar på, Fløholmen AS sine eigedomar.

BKK sine representantar opplyste i denne samanheng at selskapet BKK Elektrifisering AS arbeider på oppdrag frå Blom Fiskeoppdrett AS i nært samarbeid med områdekonsesjonæren BKK Nett AS.

## Regelverk

NVE presiserer (01. 07. 2020) gjeldande reglar for levering av landstraum til oppdrettsanlegg :

- Maks 1000v (lågspenning)
- Eksklusiv privat line (for oppdrettar) frå grensesnitt mot nettkonsesjonær (i praksis : nettstasjon) til forflåte i sjø
- Oppdrettar må framforhandla avtalar med berørte grunneigarar.

## Innsyn

[Kundepostnett@bkk.no](mailto:Kundepostnett@bkk.no) skriv 6. 11. 2020 : Viser til sak vedørende landstraum til Otterholmen oppdrettslokalitet og spørsmål om liste over kunder på linje over gbnr 428/37 I Alver for åra 2002 - 2020, vi har ikke anledning til å oppgi denne informasjonen på grunn av personvernet.

BKK Nett AS har områdekonsesjon (monopol med leveringsplikt) etter Energilova, underlagt Offentleglova.

Kraftsal til andre selskap er ikkje personrelatert.

## Økonomi

I konsesjonssøknader (til NVE) vert det generelt opplyst at det årlege dieselforbruket på oppdrettsanlegg av type og storleik som Otterholmen kan stipulerast til om lag 80 tonn.

Med 10 kWh energi i kvar dieselliter vil det årlege dieselforbruket tilsvara om lag 800000 kWh elektrisk kraft.

Med dieselpris 10 kr/l og straumpris 50 øre/kWh vil sparepotensialet ved elektrifisering vera om lag 400000 kroner pr år.

## Enova

I følge Enova sine nettsider er Blom Fiskeoppdrett AS tildelt statsstøtte til elektrifisering.

## Avklaringsbehov

Fløholmen AS kan ikkje akseptera at andre selskap har teke – og framleis vil ta - seg til rette på selskapets grunn - utan avtale og vederlag.

Det er nødvendig å få klårlagt og avtalefesta alle relevante omstende når det gjeld levering av elektrisk kraft over selskapet sine eigedomar til oppdrettsanlegg i sjøalmenningen utafor Nordre Byngja.

30. november 2020



Siv. ing. Vidar Mjøs

[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)

mob 907 88 921